

Forskrift om smitteverntiltak i Alver kommune, 7.11-23.11

Heimel: Fastsett av kommuneoverlegen i Alver kommune 6. november 2020 med heimel i lov 5. august 1994 nr. 55 om vern mot smittsame sjukdommar § 4-1.

§ 1 Formål og verkeområde

Forskriftas formål er å fastsette smittevernforlegge tiltak for å hindre eller avgrense spreiring av SARS CoV-2 i befolkninga og blant helsepersonell, og sikre at tilstrekkeleg kapasitet i helse- og omsorgstenesta blir oppretthalde, slik at tenesta kan handtere smittesituasjonen og ivareta ordinære helse- og omsorgstenester, i periodar der smittetala er stigande eller høge.

Forskrifta gjeld i Alver kommune.

§ 2 Definisjonar

- a. Med private samankomstar er meint samankomstar i private heimar, hytter og liknande private stader, medrekna lausare arrangement innandørs og utandørs.¹
- b. Med privat arrangør er meint den som inviterer, er vertskap eller den som elles er med og arrangerer private samankomstar.

§ 3 Forbod mot private samankomstar med over fem deltakarar, og mot samankomstar der avstandskravet på éin meter ikkje kan overhaldast.

Det er ikkje tillate å vere til stades ved private samankomstar med meir enn fem personar. Føresegna omfattar ikkje barn som inngår i fleire husstandar.

I husstandar som har meir enn fem medlemmer, kan alle medlemmer likevel vere til stades samtidig.

Private samankomstar der avstandskravet på éin meter ikkje kan overhaldast, er ikkje tillate.

Det blir gitt unntak for etablerte kohortar i barnehage og barneskule, slik at barn som inngår i same kohort også kan samlast på fritida.

Privat arrangør skal:

- a. Legge til rette for at smittevernråda kan overhaldast
- b. Ha oversikt over alle som er til stades med dato, tidspunkt, namn og telefonnummer for å kunne bistå ved ei eventuell seinare smitteoppsporing etter smittevernlovens § 3-6.

Oversikta skal oppbevarast på ein forsvarleg måte og slettast etter ti dagar.

Arrangøren skal informere dei som er til stades om at det blir nedskrive slik oversikt.

Det blir ikkje gitt dispensasjonar frå føresegna.

§ 4 Innandørs arrangement på offentleg stad

Innandørs arrangement på offentleg stad utan fast seteplassering er ikkje tillate.

¹ Med private samankomstar er ikkje meint arrangement som er regulert i § 13 i den nasjonale forskrifta (FOR 2020-03-27-470 covid-19-forskriften).

Ved innandørs arrangement på offentlig stad skal alle deltakarar ha fast seteplassering.

Det er ikkje tillate å gjennomføre private eller offentlege innandørs arrangement på offentlig stad med fleire enn 20 deltakarar til stades samtidig. Ved gravferder kan tal deltakarar ikkje overstige 50.

Arrangement der avstandskravet på éin meter ikkje kan overhaldast er ikke tillate.

Berekninga av kven som inngår i tal deltakarar følger nasjonale rettleiarar. For øvrig gjeld FOR 2020-03-27-470 (covid-19-forskriften) § 13.

§ 5 Stenging og avgrensing av fritidsaktivitetar

Idrettshallar, svømmehallar, og lokale for tilsvarende aktivitetar skal haldast stengt. Føresegna omfattar ikkje toppidrett. Føresegna omfattar heller ikkje skuleundervisning eller organisert trening for barn og unge under 20 år. Kampar, cupar, turneringar og liknande for barn og unge under 20 år er ikkje tillate.

Treningssenter skal halde stengt.

Bingohallar og liknande aktivitetstilbod skal halde stengt.

Museum og liknande tilbod skal halde stengt.

Bibliotek skal haldast stengt for publikumsopphald og -aktivitetar. Tilgang til utlån og innlevering av bøker kan oppretthaldast.

Øvingar og organiserte idretts-, kultur- og andre fritidsaktivitetar for vaksne er ikkje tillate. Føresegna gjeld ikkje slike aktivitetar for barn og unge under 20 år.

Breiddeidrett for vaksne er ikkje tillate.

§ 6 Avgrensing av aktivitet i butikkar og kjøpesenter

Butikkar, kjøpesenter og liknande må sørge for at det ikkje er fleire til stades i lokalet enn at det kan haldast to meters avstand. Tillate tal kundar i lokalet skal bereknast ut frå størrelsen på lokalet. Det skal om nødvendig vere vakthald som sørger for at kravet blir etterkomme.

§ 7 Krav til bruk av munnbind/ansiktsmaske på kollektivtrafikk, taxi og innandørs på offentlig stad (butikkar, kjøpesenter mv.)

På kollektivtrafikk og innandørs på offentlig stad skal munnbind/ansiktsmaske brukast når éin-meters avstandskravet ikkje kan overhaldast.

Førar og passasjerar i taxi skal bruke munnbind/ansiktsmaske.

Føresegna gjeld ikkje barn under ungdomsskulealder, eller personar som av medisinske eller andre helsemessige årsaker ikkje kan bruke munnbind.

§ 8 Skjenkestader, restaurantar, kaféar og kantiner.

På skjenkestader, restaurantar, kaféar, kantiner og andre serveringsstader der gjester skal innta mat eller drikke på staden skal det leggjast til rette slik at gjester kan etterleve smittevernråd. Det skal vere minst éin meter mellom gjester som ikkje er frå same husstand og det skal vere lett tilgjengeleg handdesinfeksjonsmiddel i lokalet.

Skjenkestader, restaurantar, kaféar og kantiner skal kreve at gjester legitimerer seg. Gjester som ikkje legitimerer seg, skal avvisast.

Skjenkestader, restaurantar, kaféar, kantiner og andre serveringsstader, skal føre oversikt over gjester. Namn og telefonnummer skal registrerast og i tillegg tidspunkt og dato for besøket. Gjester skal informerast om at det blir nedskrive ei slik oversikt. Lista skal oppbevarast i tråd med krav til personvern, og skal slettast etter ti dagar.

Liste over gjester skal på førespurnad frå kommuneoverlegen sendast over i tekstformat, anten i Excel, Word eller anna tekstprogram. Føresegna gjeld ikkje ved takeaway-sal.

På skjenkestader, restaurantar, kaféar, kantiner og andre serveringsstader skal munnbind/ansiktsmaske brukast når ein bevegar seg i lokalet og avstandskravet på éin meter ikkje kan overhaldast. Kravet gjeld ikkje for barn under ungdomsskulealder, eller personar som av medisinske eller andre årsaker ikkje kan bruke munnbind.

Lydnivået på stader der det blir spelt musikk skal justerast til eit nivå som gjer det mogleg for gjester å prate saman med 1 meters avstand.

Skjenkestader, restaurantar, kaféar, kantiner og andre serveringsstader skal stenge seinast kl. 22.00. Servering av alkohol må avsluttast 21.30.

Føresegna gjeld ikkje takeaway-stader.

§ 9 Obligatorisk heimekontor

Heimekontor skal nyttast når dette er mogleg.

Arbeidsgivar er ansvarleg for å vurdere om det er mogleg å utføre arbeidet ved heimekontor.

For øvrig gjeld Helsedirektoratet sin rettleiar for heimekontor.

§ 10 Straff

Forsettleg eller uaktsamt brot på føresegner i denne forskrifta kan straffast iht. Lov om vern mot smittsomme sykdommer (smittevernloven) § 8-1.

§11 Ikraftsetjing og varigheit av forskrifta

Forskrifta trer i kraft frå og med 07.11.2020 og gjeld til og med 23.11.2020.